



**RANDI BJØRLO**  
randi@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 70



**YNGVE GAREN SVARDAL**  
yngve.svardal@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 74



**ENDRE HOILAND**  
endre@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 77



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avisa@nordhordland.no

## Ein ugrei gåvebonus

For sju månadar sidan sa regjeringa nei til å gjeninnføra bonuspoeng på flyreiser i Norge. Grunngevinga var at konkurransen, særleg på ruter i distrikta, kunne bli redusert. Det er vanskeleg å forstå kiva som har endra seg så radikalt sidan oktober at det no er grunn til å oppheva forbodet mot flybonus, slik statsråd Rigmor Aasrud varsla kvelden før nasjonaldagen.

Konkurransebildet har neppe endre seg mykje gjennom vinteren. Trafikkgrunnlaget for ruter i distrikta er stort sett uendra. Avgjerda framstår mest som ei gåvepakke til eit økonomisk pressa SAS, ser staten sjølv har eigarinteresser. Selskapet har lenge ønska å freista med opptening av bonuspoeng på innanlands flyreiser, slik ein hadde tidlegare. I vinter saksøkte SAS staten for å få oppheva bonusforbodet.

Forbodet mot flybonus vart innført i 2002 for å gjera det lettare for Norwegian å etablere seg i konkurranse med SAS. No meiner regjering at tiltake har vberka og at det i dag er to likeveridige aktørar i den norske marknaden. No skal igjen flyselskapa kunna lokka med bonuspoeng for å tiltrekka seg passasjerar.

Medan det vert jubla i SAS, er tonen ein heilt annan i Norwegian. Selskapet truar med at ruter i distrikta kan bli nedlagde og at billettprisen vil gå opp. Om dette faktisk kjem til å skje, gjenstår å sjå. Norwegian har etter kvart lagt seg til ein støyande og proserande stil overfor norske styresmakter når ikkje selskapet får det som det vil.

Når SAS igjen tilbyr kundane sine bonuspoeng, kjem både Norwegian og andre selskap til å gjera det same. Korleis det vil slå ut for oss passasjerar er uvisst.

Men eitt er sikkert: Gratisreisene til kundar som har tent opp nok bonuspoeng, skal og betlaast. Nokon annan måte å gjera dette på enn å leggja på dei vanlege billettprisane, er vanskeleg å sjå for seg.



**WANTED: DAUD ELLER LEVANDE:** Ashild Sunde Feyling Thorsen står her inne i cella med daud eller levande-plakatar rundt seg. Dei er teikna av fleire hundre barneskuleelevar frå heile Nordhordland.

# Leitar etter amerikanslekta si

**RADØY:** Over 800.000 nordmenn utvandra til USA. No leitar Berit Eikanger etter spor etter hennar slekt som utvandra.

**YNGVE GAREN SVARDAL**  
yngve.svardal@nordhordland.no

– Eg har alltid vore interessert i slekta mi. Men no er generasjonane før meg døydd ut. Så då må eg gå andre vegar for å finna ut ting, seier Berit Eikanger.

### Leitar i emigrantlister

På søndag hadde ho tatt turen til Vest-

norsk utvandringscenter på Sletta for å finna ut meir om brønne til farfaren hennar som utvandra til USA for over hundre år sidan.


– Eg har alltid hatt interessa, og det er eit spennande tema, seier ho.

– I dag fann eg fleire detaljar om utvandringa, som kor tid dei utvandra og kven dei var gift med, seier ho.

Sjølv har ho vore over til USA for å sjå plassane dei utvandra til.

På Vestnorsk utvandringscenter har dei mellom anna emigrantlister frå Hordaland og Sogn og Fjordane.

Til å hjelpa seg å leita hadde Eikanger Kenneth Bratland. Han jobbar mellom anna på Vestnorsk utvandringscenter.



**LEIT OG DU SKAL FÅ SVAR:** Berit Eikanger får her kyndig

– Eg kan hjelpa til med å søka i emigrantlistene, folketeljinga og kyrkjebøkene, seier Bratland.

Han seier at interessa for å leita etter slekta si er stor. Bratland peikar på at rundt 800.000 nordmenn utvandra mellom 1825 og 1930.

### – Ganske spennande

– Med tanke på at det budde rundt to millionar nordmenn i Noreg i 1900, har det gjort eit stort innhogg i befolkninga, seier han.

– Eg finn tørre tal og fakta, men set du det inn i ein samanheng vert det ganske spennande, seier han.

Han peikar på at mange nordmenn for



**DAGRUN STOKKE**  
dagrun@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 75



**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 73



**IRENE B. JØNSEN**  
irene.jonsen@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 71

Kjem ut onsdag og lørdag • Sjå [www.nordhordland.no](http://www.nordhordland.no) for prisar og info. Redaktør Randi Bjørlo: 56 35 55 70 - Marknadssjef Roger Myhr: 56 35 55 60

**Nor-  
gespremiere**  
LINDÅS: Fredag er norgespremiere på Nyheim Kino Farnestad. Då vert actionfilmen "Fast & Furious 6" vist. Den går også søndag 26. mai, saman med reprisen på "Pelle Politbil på sporet". Dette er siste kinohelg før ferien.



hjelp av Kenneth Bratland til å finna ut meir om slekta si som utvandra til USA for over hunde år sidan. Bak står Ingeborg Eikanger Aune og følgjer med. BEGGE FOTO: Yngve Garen Svardal

over dammen for å tena pengar, for dei kom tilbake etter nokre år.

- Då kom dei til Norge igjen for å gifta seg og få ungar, for dei reiste tilbake for å jobba i nokre år igjen.

- Litt som dagens polakkar altså?

- Ja, på mange måtar. Det er jo noko som heiter at historia gjentek seg sjølv, seier historikaren.

Søndag var fyrste opningsdag for sesongen på Sletta.

Op mellom det som skjedde var ei utstilling med barneteikningar med lokale tolkingar av etterlysingsplakatar.

**Utstilling i cellene**

- Vi inviterte alle barneskulane i Nord-

hordland og fekk inn rundt 200 teikningar, seier avdelingsleiar Åshild Sunde Feyling Thorsen (30) til avisa Nordhordland.

Naturleg nok er teikningane utstilte i cellene på det autentiske sherifffkontoret som er på senteret.

- Det er veldig interessant å sjå kva elevane kom opp med. Min generasjon hadde klare tankar om kva som var det ville vesten og korleis ein banditt såg ut. No er det interessant å sjå korleis dagens unge tolkar kven som er «the bad guy».

**Klassiske bandittar**

For det er alt frå skurkar i tv-spel og filmar til ting dei har lest i nyheitene, seier ho.

- Forsvinn litt av den gamle cowboy og indianarkulturen frå dagens unge?

- Nei, eg trur ikkje det. For vi får inn nokre av dei klassiske bandittane og. Men det er tydelegvis rom for andre tolkingar og, seier ho.

På programmet på søndagen var og ein liten konsert med Rune Vandaskog frå Young Dreams.

Seinare i år vil det koma ei fotoutstilling med ein amerikansk fotograf som dokumenterte livet i etterkrigs-Norge, samt ei forelesingsrekke med Frank Aarebrot og vener. I tillegg til utvandringsfestivalen i byrjinga av juli.

**RFU**  
Nå anstår å setta seg etter reglar for god pressetikett slik desse er nedfelt i Vær/Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg samna av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å sende klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40. E-postadresse: [plf@plf.no](mailto:plf@plf.no)  
Arkivering og avfotografering Nih tar utna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgått av Nih, elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nih.

**TIPS OSS!**  
916 20 916

**Fyllekjørde inn i eit tre**

**RADØY:** Ein 77 år gamal mann slapp frå det med lettare skader då bilen han var passasjer i, kjørte inn i eit tre i Bovågen like før klokka sju lørdag morgon. Den 50 år gamle bilføraren var rusa, melder politiet.

**Small i fjell-  
veggen på E39**

**LINDÅS:** Ein bil skal rundt klokka 18 på nasjonaldagen har smelt i fjellveggen i Eikefettunnelen. Politi og ambulans vart sendt til staden, og bilføraren vart sendt til lokal legevakt for sjekk. Politiet melder at han skal vera lettare skadd. I timane etter uhellet var det manuell dirigering på staden, då ein entreprenør måtte tilkallast for å reparera eit øydelagt sikringskap i tunnelen.

**235000 kulturkroner**

**MASFJORDEN:** Kommunen hadde i år 235000 kroner til fordeling til kultur. 180000 er brukt ved hovudtildelinga og 55000 er sett av til ekstraordinære føremål. Det kom inn 41 søknaden, to færre enn i fjor. Desse har fått pengar:

- Masfjord fotballag 19000, IL Bjørn West 16000, Risnes IL 13000, Frøysetvågen skyttarlag 5000, Fjon skyttarlag og Idrettsrådet i Masfjorden fekk 4000 kvar. Nordbygd skulekorps 10000, Sandnes skulemusikk 25000, Songkoret Spleis 6500, Masfjorden trekkspelklubb 3000, Haugsvær barnekor/ Shabach og Fjon Musikklag 6000 kvar. Fjon ungdoms- og idrettslag 8000 kroner, Ungdomslaget Framstig 4000, Sandnes tenklubb 2500, Fjordglimt 4H 5000 og Masfjorden SKU 3000 kroner.

**GRATIS motor og fjernkontroll**  
- ved kjøp av terrassemarkise

**VI FORTSETTER SALGSSUKSESSEN**  
Tilbudet gjelder ut mai!

Gratis befaring: **04990**

**SCANDIC**  
MARKISER PERSIENNER INTERIØR  
[www.scandic.no](http://www.scandic.no)